



Lands- gymnaset

I nesten 50 år bidrog dei norske landsgymnasa til å jamne ut skilnaden mellom bygd og by.

SIDE 10–13



Digitalt landsmøte

Det var godt oppmøte på det 101. landsmøtet i Noregs Mållag, som vart det første digitale.

SIDE 14–15



Bokhandlar- prisen

For fyrste gong på 53 år går Bokhandlarprisen til ei bok på nynorsk, Tore Renberg si *Tollak til Ingeborg*.

SIDE 14

Norsk Tidend

nr. 5
desember 2020

medlemsblad for Noregs Mållag

Dei som ønskjer nynorsk vekk

Somme foreldre jobbar hardt for å få nynorskskular til å bli bokmålsskular. Norsk Tidend har møtt nokre av dei.

SIDE 4–7

NEI TIL
NYNORSK



Einarane frå gokk

NT Så lenge målrørsla har eksistert, har ho hatt som politisk målsetnad å gjere den sosiale skilnaden mellom bygd og by mindre. Opprettinga av landsgymnaset er eit av dei viktigaste grepene som er gjort for å oppnå det, med dei tidlege mållagsleiarane som drivkrefter. Knappe 50 år etter landsgymnasa gjekk over i historia, kan vi med fordel reflektere over kva dei har gjeve oss som samfunn.

NT Den kanskje fremste landsgymnasiasten av dei alle, Fred Kavli, snakka i fleire intervju varmt om tida på Firda landsgymnas på Sandane. – *Det var ein stor appetitt på kunnskap på Firda. Vi elevane hadde livlege diskusjonar om filosofi – vi snakka om tankane til Nietzsche, Kant, Kierkegaard og Bertrand Russell. Og vi diskuterte kva tilværet skulle handle om, og kva vi skulle gjere med liva våre*, sa han til *Forskerforum* i 2010. Kavli vokste opp på ein gard i Eresfjord i Romsdal. Då han døydde i 2013 i USA, var han kjend som milliardæren som gav vekk formuen sin til forsking.

NT Landsgymnasa var skular for einarane. Slik var dei eit effektivt grep for å vise samfunnet at du kunne få det til om du kom frå enkle kår. Samtidig var dei ein måte å sikre bygdene høgkompetente folk som kunne vende tilbake.

NT Jamført med mange andre land har vi i Noreg nytt godt av litt sosial skilnad mellom bygd og by. Vi skal ikkje undervurdere den rolla landsgymnasa og læringskulturne deira har spela i det, særleg ikkje no som dei siste landsgymnasiastane er ute av arbeidslivet.

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Astrid Marie Grov,
astrid.grov@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

I Star Wars-universet blir demokratiet avvikla med eit simpelt fleirtalsvedtak. Til torande applaus frå senatet. I Kommune-Noreg breier **bokmålsveldet** om seg. Til stillteiande aksept frå lokalt folkevalde.

Avmakt i denne sal

KOMMUNANE ER MELLOM dei viktigaste språkpolitiske aktørane i Noreg vi snakkar minst om. Mellom 356 nyansar av kommunegrått møter nynorsken både bøller og bestevener. Det går nok eit tydeleg skilje mellom kjerneområda og randsonene, men jamvel tradisjonelt solide nynorsk-kommunar bryt lova og driv nynorsken ut av skulekrinsar og klasserom. Kommunedirektørar gjer seg til kjettringar for å saldere budsjett, og rektorar motarbeider nynorsken. Alle velsigna av passive kommunestyrrepresentantar som med si likesæle set sitt godkjentstempel. Dette er også Noreg.

I DENNE UTGÅVA av *Norsk Tidend* kan de lese om foreldre ved nynorskskular som gjer det dei kan, for å endre skolemålet til bokmål. Reportasjen viser korleis summen av demografiske endringar og kommunal vrangvilje legg press på nynorsken. Nynorsken blir opplevd og omtala som eit heft som det er vanskeleg å finne meinung med. Kvifor bruke tid på å lære eit vanskeleg språk ein ikkje får bruk for?

Likevel: Foreldre sine ærlege vitnesbyrd er meir enn berre såre anekdotar. Det er miljøskildringar som målrørsla må ta på alvor. Den nynorske kvardagen er krevjande for mange. Mållaget må plassere ansvaret der det høyrer heime: hos styresmaktene.

NYNORSKELEVANE ER IKKJE andrerangselever, men mange av dei får beint fram ei därlegare lese- og skriveopplæring enn bokmålselevane.

NT LEARTEIGEN



PEDER LOFNES HAUGE
leiar i Noregs Mållag

Ofte manglar nynorske lærebøker, og digitale læremiddel som berre finst på bokmål, dominerer i klasseromma. Elevar går i språkblanda klasser, stikk i strid med lova, og lærarane er ofte ikkje språkmektige nok til å kunne drive forsvarleg nynorskoplæring.

Det er lett å tenkje at det siste først og fremst er eit statleg ansvar. Mållaget har lenge meint at nynorsken må styrkast i lærarutdanningane, og studentane må kunne vise til nynorskkompetanse på vitnemålet. Men det er skuleigar som tilset lærarane, og det er dei som har ansvar for at lærarane har den kompetansen som trengst for å undervise i skulen.

NÅR MOR EVA GIKLING fortel om lærarar på nynorskskulen Gjøra i Sunndal som ikkje kan nynorsk, viser det to ting: Kor krevjande det kan vere å vere nynorskelev, og kvifor alle elevar i den norske offentlege grunnskulen må få opplæring i både bokmål og nynorsk, anten dei bur i Bodø, Bergen eller Balestrand.

Var litt problematisk å få bergenser i husstanden med på denne medlemskapen, men mykje kan løysast med ein Hansa Fatøl.

Medlem på Facebook om verving til Mållaget

Altså, Word spurte meg akkurat om eg ville ha omsett eit dokument frå bokmål, og NO ER NYNORSKREVO-LUSJONEN HER, FOLKENS!

@sigridsofia på Twitter

Sånn heilt seriøst så er det sjukt weird shit at folk vel å hengje seg opp i eit bilde av Hadia Tajik i staden for å snakke om den verkelege skandalen, nemleg at boka hennar er på bokmål.

@NilsHenrikSmith på Twitter

– Det er to prisutdelingar alle statsrådar gjerne vil vere til stades på. Den eine er nobelprisen. Den andre er årets nynorskkommune.

**Klima- og miljøminister
Sveinung Rotevatn
under utdelinga prisen
for årets nynorskkommune**

Og så var det en sak der vi brukte en time på å diskutere hvem som skulle bruke nynorsk i kommunen. Men vi er jo en nynorskkommune, så det er vel ikke noe å diskutere.

**Heine Fyllingsnes
(Bompengepartiet) i Alver
til Kommunal rapport**

Hun jeg er glad i, sa du nå. Er det sånn at man ikke sier «elsker» på din dialekt?

– Nei, og der er vi inne på tisse. Menn og kvinner sier sjeldent «elsker» til hverandre der. Selv sier jeg «Eg er så gild av deg».

**Sylfest Lomheim,
sakkynlig vitne i straffesaka
mot Laila Bertheussen,
i Dagsavisen**

I dag har eg fått to e-postar frå min faste nazist. Kjekt å vite at han er i slaget. Men no har han gått over til å skrive bokmål. Fyrst blei eg litt deppa, men så tenkte eg at det kanskje er like greitt. No raknar det for bokmålet.

@JensKihl på Twitter

– Jeg ville ikke trekke den slutningen at du som dialekthalende var dum eller at ditt intelligensnivå ikke var særlig høyt. Det ville selvsagt vært en forferdelig og altfor rask slutning. Men la meg si det litt annerledes: Jeg ville kanskje kunne trekke den slutningen at du ikke er noen lesende person, at du ikke skriver særlig mye, at du ikke er vant til skrivekunsten i særlig grad.

**Professor emeritus
i nordisk språkvitskap
Finn-Erik Vinje til Dagsavisen**



Illustrasjon: Kjartan Helleve


Bokmålseleven i Bærum «som ikke har bruk for sidemål» har kanskje slått frå seg «å jobbe i staten» der ho sit og tusjar på Alf Hellevik. Men ho kan ende opp som rådmann i Sula eller kjøpmann på Stord. Eller som lærar på ein barneskule i Sogndal.

TIL VÅREN KJEM regjeringa med framlegg til ny opplæringslov. Det må vere ei lov som løftar nynorskelevane. Dei må få rett til å gå i eigne nynorskklasser også på ungdomsskulen, og dei må få den same retten til og tilgangen på digitale læremiddel som bokmålselevane. Men ei ny lov er ikkje verd papiret ho er skriven på, om ikkje skuleigarane syter for at rettane blir innfridde. Norske kommunar må gå føre som språklege førebilete på alle område, slik at borna blir budde på nynorsk som opplæringsmål i skulen. Sjølv etter mange år i barnehage kjem dette brått på mange håpefulle skulestararar.

OM ADMINISTRASJONEN SVIKTAR, strittar eller berre strevar, må kommunestyra utøve den makta folket har gjeve dei. Ein god soldat sov når han kan, men i altfor mange norske kommunar har demokratiets folkevalde fotsoldatar sove i timen. Språkpolitikken skal formast i kommunestresalen, ikkje på eit administrativt hjørnekontor på rådhuset.

*Til våren kjem
regjeringa med fram-
legg til ny opp-
læringslov. Det må
vere ei lov som løftar
nynorskelevane. Dei
må få rett til å gå i
eigne nynorskklasser
også på ungdoms-
skulen.*

Somme foreldre ved nynorskskular jobbar hardt for å få **endra skulemålet til bokmål**. Kvifor vil dei absolutt ikkje at ungane deira skal gå på ein nynorskskule?



Dei som har nynorsk i halsen

I DEI NESTEN 150 åra målrørsla har eksistert, har kampen for at norske ungar skal lære nynorsk som hovudmål, vore heilt avgjerande. Og ei god stund gjekk det som ein draum. Fram til andre verdskriga vann målfolket skulekrins etter skulekrins, og det nynorske språksamfunnet fekk fleire og fleire medlemmer.

Men så vart det nesten bom stopp, og ein god del av krinsane nynorskskular hadde vunne, byrja å gå tilbake til bokmål. Og slik har det i det store og heile halde fram. Når spørsmålet om skifte av skulemål kjem opp i dag, er det målfolket som har alt å tape – dei siste 50 åra har ei skulemålsrøysting nesten alltid stått mellom å *halde på nynorsk* og å *innføre bokmål*. I våre dagar blir det i regelen gjennomført rådgjevande røysting i skulekrinsen for å avgjere spørsmålet, der alle over 18 år kan delta. Kommunestyret har det siste ordet, men respekterer som regel resultatet av røystinga.

Dei lokale mållaga mobiliserer som regel kraftig for å sikre nynorsken sin plass i lokalsamfunnet når

spørsmålet kjem opp. Sjølve initiativet til røystinga kjem på si side ofte frå foreldre på skulen – mødrer eller fedrar som ikkje vil at ungane deira skal gå på ein nynorskskule. Og her møter målfolket nokre av sine argaste motstandarar. For somme foreldre har verkeleg fått nynorsk i halsen, iallfall som skulemål. Norsk Tidend har møtt nokre av dei, for å få vite kvifor det vart slik.

– Vart ikkje slik eg hadde tenkt
I Sunndal kommune på Nordmøre bur Eva Gikling, mor til fire. Ho lever av å skrive, driv sitt eige forlag og kallar seg språkentusiast. Gikling er oppvachsen i kommunenesenteret Sunndalsøra og likte sidemålet nynorsk på skulen. Difor var ho på førehand positiv då eldste dottera i 2012 skulle ta til på bygdeskulen Gjøra med nynorsk som opplæringsmål. Men møtet med lese- og skriveopplæringa vart ei real krasjlanding, fortel ho.

– Det vart ikkje slik eg hadde tenkt i det heile teke, og mykje av det handla om skulebøkene. Eg



– Sjølv om dottera mi er ein skuleracer, syntest ho at språket kom imellom henne sjølv og innhaldet. Då eg presenterte henne for bøker av nynorskforfattaren Lars Mæhle, som kjem herfrå, lurte ho på kvifor ikkje lærerbøkene var skrivne slik. Så ein del av desse lærerbøkene meiner eg gjer nynorsk ei bjørneteneste.

opplevde at dei var tunge og skrivne på eit dårlig språk som ikkje var tilgjengeleg for ungane, med mange tungvinte ord dei ikkje kjende.

Dottera vart frustrert og irritert når det var mange ord i bøkene ho ikkje forstod, seier Gikling.

– Sjølv om dottera mi er ein skuleracer, syntest ho at språket kom imellom henne sjølv og innhaldet. Då eg presenterte henne for bøker av nynorskforfattaren Lars Mæhle, som kjem herfrå, lurte ho på kvifor ikkje lærerbøkene var skrivne slik. Så ein del av desse lærerbøkene meiner eg gjer nynorsk ei bjørneteneste.

Ein annan faktor som gjer skriveopplæringa vanskeleg, er at elevane møter så mykje bokmål og så lite nynorsk rundt seg, seier Eva Gikling.

– Ungane er mykje meir eksponerte for bokmål gjennom TV, nett og den slags, og mengdetrenin er så viktig for å lære seg å lese og skrive.

Ho meiner nynorsk ikkje er eit nærliggjande skriftspråk for nordmøringar.

– Det store argumentet til nynorskforkjemparane rundt her



SUNNDAL: Løykja skole ligg på Grøa i Sunndal og var ein av skulane der Eva Gikling tok kampen for bokmålsopplæring i 2019. Skulen er no ein bokmålsskule.

Foto: Aura Avis

er at det ligg nærmere dialekten vår. Men det er eg veldig ueinig i, når det gjeld mykje av den nynorsken eg møter på, i allfall, seier ho på klinande nordmørsk.

– *Så du synest ikkje eigentleg nynorsk ligg nærmere dialekta her enn bokmål?*

– Kanskje teknisk nærmere, men ikkje på ein måte som gjer at eg kjenner meg att i det.

– **Lappar fulle av skrivefeil**

Kvaliteten på skulebøkene var ikkje det einaste problemet ved skriveopplæringa, fortel Eva Gikling. Ho opplevde òg manglar ved nynorsk-kompetansen til lærarane.

– Ein del lærarar ved skulen hadde bokmålsbakgrunn og skulle eigentleg ikkje undervist på nynorsk. Når alt frå vekeplanar til lappar om skuleturar kjem heim fulle av skrivefeil, så gjer ikkje lærarane det språket dei skal undervise i, noka teneste.

Den manglande skrivekompetansen var teken opp med skulen, seier ho.

– Eg syntest jo ikkje noko om dette og konfronterte lærarane med sak, og då la dei seg langflat. Så eg var skuffa over skuleleiinga. Om ein skal vere ein nynorsk-skule, så må ein sørge for at lærarane kan nynorsk.

Gikling har ikkje lengre døme å vise fram på det ho meiner er därleg språk i lærebøkene, for familien bur ikkje lengre på Gjøra. Opplæringsmålet var ei medverkande årsak til at familien valde å flytte, fortel ho.

– Dottera mi kom seg gjennom det, men for den yngre broren vart det veldig, veldig vanskeleg. Han strevar på skulen, og med han sleit vi skikkeleg med å få hol på lesinga.

Skulen på Gjøra er no ein bokmålsskule. Nokre år etter at Gikling og familien flytta frå bygda, vart det skulemålsrøysting som nynorsken tapte. Då foreldre ved to andre skular i kommunen, Løykja og Ålvundfjord, også ønskte bokmål, i 2019, sa ho seg villig til å fronte kampen for dei.

– Foreldra som ønskte bokmålsopplæring, syntest det var for van-



– *Språkblanda klassar mellom bokmåls- og ny-norskelever er ein håplaus under-visningssituasjon.*

**Arthur Sæter,
Aukra**

skeleg å stå fram. Måldebatten vekker veldig mykje kjensler og splittar bygda. Somme vegrar seg for å gå på butikken i den tida det står på, seier ho.

Resultatet av røysingane i 2019 vart bokmål på Løykja og framleis nynorsk i Ålvundfjord. No er Ålvundfjord skule den einaste nynorsk-skulen som er att i Sunndal kommune. Eva Gikling meiner resultatet av innsatsen hennar for bokmålsopplæring viser noko viktig.

– Mange av foreldra som har ungar som slit på skulen, kom og takka meg for det eg gjorde. Blant dei foreldra som ville halde fram med nynorsk, er mange frå ressurssterke familiar. Det er noko å tenkje på, seier ho.

– **Håplaus under-visningssituasjon**

Eit par timars køyring vestover frå Sunndal finn vi Aukra kommune. Takk vere gassfeltet Ormen Lange litt utfor kysten og landanleggget på øya Gossa har romsdalskommunen

– Eg er oppvaken med nynorsk, men har vel aldri hatt bruk for det seinare i livet, dessverre.

*Arthur Sæter,
Aukra*



AUKRA: Julsundet skole på Aukra praktiserer språkblanda klassar. Det er ein viktig grunn til at far Arthur Sæter meiner det bør bli ein bokmålsskule.

Foto: Sigurd Mjelde

vore i kraftig vekst dei siste åra. Både arbeidstilstfylltinga og geografien, svært tett på bokmålsbyen Molde, bidreg sterkt til at fleire og fleire ønskjer bokmål som opplærings-språk for sine ungar. Men Aukra er framleis ein nynorskkommune.

På fastlandet i Aukra ligg Julsundet, berre vel ti minuttars køyring frå Molde sentrum. Her bur Arthur Sæter, prosessteknikar i Equinor. Han er far til to på barnetrinnet på Julsundet skole, og i fjar var han saman med fleire andre foreldre sterkt engasjert for å få endra skolemålet til bokmål. Motivasjonen for hans del er ikkje først og fremst motvilje mot nynorsk, men at kommunen praktiserer språkblanda klassar, seier Sæter.

– Fleirtalet av foreldra på Julsundet vil ha bokmålsopplæring for barna sine, i snitt rundt tre av fire. I klassen til sonen min, som no går i tredje, har heile klassen bokmål, så det fungerer jo fint. Men då dottera mi byrja året etter, var det nokre foreldre som hadde sterke kjensler rundt dette med språk, og ønskte

nynorsk. Og i slike tilfelle opprettar ikkje kommunen eigne grupper, men underviser elevane i lag. På tavla er det til dømes raud tusj for nynorsk og blå tusj for bokmål.

Sæter meiner språkblanda klassar, som heller ikkje er lov i barne-skulen etter reglane i opplærings-lova, er eit handikap for alle elevar.

– Eg vart frustert og oppgitt då eg fekk vite at det er slik det fungerer, det er jo ein håplaus undervisnings-situasjon. Fleire av dei språkblanda klassane på Julsundet presterer under snittet på nasjonale prøver.

– Burde vore ein formalitet

Folkerøystinga på Julsundet i november 2019 gav fleirtal for bokmål, men kommunestyret i Aukra valde å ikkje ta resultatet til følgje. Julsundet skole er dermed framleis ein nynorskskule med språkblanda klassar. Sæter legg ikkje skjul på at tilliten til både kommuneadministrasjonen og -politikarane er låg.

– Då resultatet var klart og viste siger til bokmål, så skulle resten

vore ein formalitet. Avgjerda i kom-munestyret førte til at framtidas fyrsteklassingar ved Julsundet skole tapte. Samfunnet, lærarar, foreldre, politikarar og folket tapte òg.

Men resultatet må både Sæter og resten av dei som ønskte bok-målsundervisning for alle, leve med denne gongen. Dottera til Sæter enda opp i ein rein nynorskklasse, og han meiner det er det nest beste alternativet på Julsundet skole i dag.

– Det er heilt klart mykje betre enn bokmålsundervisning i språk-blanda klasse.

Men noka tilknyting til nynorsk kjenner Arthur Sæter ikkje på, sjølv om han opphavleg er frå nynorsk-kommunen Surnadal på Nordmøre.

– Eg er oppvaksen med nynorsk, men har vel aldri hatt bruk for det seinare i livet, dessverre. Eg sit att med ei kjensle av å ha lært eit språk ein greier seg utan.

– Bokmål fell enklare

I andre enden av vestlandskysten, på Jæren, ligg Oltedal, som er blant dei inste bygdene i Gjesdal

kommune. Kommunen har både nynorsk og bokmål som opplæ-ringsmål i skulen, men brukar stort sett bokmål som administra-sjonsspråk. I skulen har nynorsk lenge vore under press, både i kommunenesenteret Ålgård og i bygdene. Oltedal skole er ein nynorskskule, men det er berre så vidt. Det har vore skolemåls-røysting i bygda to gonger i løpet av ein periode på 14 år, i 2006 og i 2019.

Linda Bykle, opphavleg frå Sta-vanger, har ei dotter i tredje klasse på Oltedal skole. Ho har budd i Oltedal sidan 2010, men vart teken på senga over at nynorsk var opp-læringsmålet ved skulen då dottera byrja i fyrste klasse i 2017.

– Eg såg at det fyrste skrivet frå skulen var på nynorsk. Då måtte eg spørje sambuaren min: Er Oltedal ein nynorskskule? Å ja, har eg ikkje fortalt det, var svaret eg fekk ...

Det er lite i oltedalssamfunnet som peika fram mot at skolemålet skulle vere noko anna enn bokmål, seier Bykle.



BOKMÅLSSKILT: Det kom overraskande på Linda Bykle at opplæringsmålet på Oltedal skole er nynorsk. Skiltet på skulen, sett opp av skuleigar Gjesdal kommune, er på bokmål.

Begge foto: Noregs Mållag

– All informasjon eg har fått frå det offentlege, anten det er helsestasjonen, barnehagen eller kommunen, ja tilmed frå kyrkja, har vore på bokmål. Eg har heller aldri sett lesebøker på nynorsk i bruk i barnehagen.

Då spørsmålet om byte av skulemål kom opp i 2019, røysta Linda Bykle for bokmål. Det er det fleire grunnar til, fortel ho.

– Eg ønskjer valfridom om opplæringspråk. Her i Oltedal er det berre éin skule, og då må alle ungane ha nynorsk. På Ålgård er det kanskje annleis, der det er mange skular. Og så handlar det generelt sett om at ein må bruke tid på det viktigaste i skulen. Norske elevar treng å bli betre i ein heil del ting, som privatøkonomi, lesing og matte, og alt dette meiner eg er viktigare enn nynorsk.

Linda Bykle seier dei fleste foreldra ved skulen vil ha bokmål.

– Av dei eg har snakka med, har alle ønskt bokmål, sjølv om dei er fødde og oppvaksne her. Dei hugsar sjølve korleis dei sleit med



– Eg ønskjer bokmål fordi det er språket ungane møter mest rundt seg som vaksne.

*Linda Bykle,
Gjesdal*

nynorsken på skulen. Det kjenst litt som om nynorsk blir pådytta oss av kommunen. Akkurat for familien vår handlar det òg om at sambuaren min har dysleksi, slik at det er eg som må hjelpe til med leksene så lenge dottera vår har nynorsk.

Linda Bykle meiner bokmål fell enklare for dottera.

– Det er mange ord ho synest er veldig rare på nynorsk, og det blir betre flyt når ho les på bokmål. Vi har også heile tida hatt ein plan om å flytte etterkvart, og då kjem ho til å gå på ein bokmålsskule.

At nynorsk fekk fleirtal i skulemålsröstinga, meiner Linda Bykle handlar om mobilisering blant dei eldre i bygda.

– Det var nokre som gjekk frå dør til dør for å få folk til å røste for nynorsk. Men dei finn lite støtte blant dei yngre. Det har vore ganske mykje innflytting til Oltedal dei siste åra, også frå folk som kjem frå andre land. Og blant dei er det særleg stor interesse for bokmål fordi dei ikkje kan nynorsk sjølve, og dermed blir det vanskelegare å hjelpe ungane

med leksene. Det har det vore litt snakk om på foreldremøta.

Argumentet frå målfolket om at nynorsk ligg nærmere jærdialekten, er ikkje avgjerande for Bykle.

– Eg ser jo at ein del av orda vi brukar her, er like nynorsk, men det er òg mange ord som ikkje er det. Så eg synest vi på Jæren fell litt imellom to stolar. Og dialekten vår kjem til å leve vidare sjølv om ungane lærer bokmål, det er eg overtydd om.

Linda Bykle er ikkje nokon nynorskhatar, seier ho.

– Eg har stor toleranse for at andre meiner noko anna enn meg, og eg skjønar godt at somme vil ta vare på nynorsken. Det handlar jo om kulturarven vår og alt det der. Men eg er for valfridom, og i ei ideell verd hadde ein på alle skular kunna velje om ein ville ha nynorsk eller bokmål. Eg ønskjer bokmål fordi det er språket ungane møter mest rundt seg som vaksne. Eg trur aldri eg har fått eit offentleg skriv på nynorsk, nokon gong.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

– Fleire medlemer gjev større kraft bak krava våre, seier **Peder Lofnes Hauge**, leiar i Noregs Mållag. Han oppmodar om å ta ein ekstra telefon når dei fysiske møteplassane uteblir.

Mållaget siktar høgt

STYRET I NOREGS Mållag har sett som mål at vi i løpet av året skal bli 14 000 medlemer. I fjor enda medlemstalet på 13 581, så det er verkeleg eit krafttrykk styret ber om.

– Kvarfor er det viktig å bruke tid på å verve medlemer?

– Eg ser tydeleg at sentrale aktørar innanfor det politiske miljøet og pressa har merka seg at Noregs Mållag er ein organisasjon i vekst. Det er fint å oppleve at det vert tillagt vekt, og det gjev oss grunn til å sikte endå høgare, seier leiar Peder Lofnes Hauge.

Han peikar på at fleire medlemer gjev meir pengar til organisasjonen, og at god økonomi kan gje meir aktivitet og slagkraft.

– Dess større Mållaget er, dess større kraft kan vi leggje bak krava våre. Men det handlar om meir enn medlemspengane. At Mållaget er i vekst, gjer at vi blir sett på som noko meir enn ein språkorganisasjon, noko som representerer ei heil folkerørsle.

Viktige saker i kse

– Vi ser at mållaget får inn mange nye medlemer når folk opplever at språket deira er under åtak. Slik sett fører språkstrid til medlemsvekst for oss, seier Peder Lofnes Hauge.

Av store saker siste åra merka Mållaget vekst i samband med saka om nye læreplanar og diskusjonane om administrasjonsspråk på Vestlandet.

– Vi ser tydeleg at folk vender seg til Mållaget for hjelpe når dei kjenner at språket deira er under press.

– Kva er dei viktigaste sakene og krava våre no?

– Det er mange små og store slag vi kjempar rundt i landet. Dei aller største slaga som står no snart, handlar om den nye opplæringslova og språklova. Vi vonar vi får viktige gjennomslag når Stortinget snart

skal drøfte og vedta den nye språklova.

Det viktigaste er å spørje

– Kva trur du om sjansane for å nå det høge vervemålet i år?

– Eg har tru på at det kan gå, men då må vi arbeide saman. Det er underlege tider vi lever i. Eg merkar at målfolk lengtar etter å møtast, og då vert det ekstra viktig å ringe ein ven og spørje om venen vil vere medlem. Så lenge det er mange felles møtepunkt som ikkje er der, må vi bruke andre kanalar for å få fatt i folk.

– Har du verva nokon i det siste?

– Ja, eg har fått verva ein del i år fordi eg skamlaust spør om folk har lyst til å vere medlem. Eg hentar inspirasjon frå heidersmedlem Oddny Miljeteig som spør folk på Facebook dagleg, smiler Peder Lofnes Hauge.

Han oppmodar folk om å tenkje etter om dei har nokon dei kan spørje om å bli med.

– Den viktigaste grunnen til at folk ikkje er med i ein organisasjon, er fordi folk ikkje har spurt dei.

Vi går for 14 000 medlemer

- ◆ I skrivande stund har 13 537 betalt medlemspengar.
- ◆ Mange lokale mållag har mindre aktivitet denne hausten enn det som er vanleg, men verving kan vi halde fram med sjølv om vi ikkje møtest. Saman er vi mindre åleine, også digitalt!

Hjelpe oss å verve

«Vil du bli medlem i Mållaget?» er dei magiske orda. Ring, send ei melding, eller spør folk du treffer. Det kostar 200 kroner å melde seg inn, og no gjeld innmeldinga også for 2021. Nye medlemer kan sende NYNORSK i ei tekstmelding til nummer 2490, gå inn på www.nm.no eller ta kontakt på medlem@nm.no.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no



VERVETEVLINGA

Dei tjue lokallaga med flest nyverva medlemer i løpet av 2020 vinn flotte bokpakker. Medlemene må ha betalt på slutten av året for å telje. Dette var status då avisa gjekk i trykken:

Lokallag	Nye i 2020	Lokallag	Nye i 2020
Bergen Mållag	47	Senjamållaget	9
Oslo Mållag	42	Sogndal Mållag	9
Volda Mållag	15	Vinje Mållag	9
Nidaros mållag	14	Førde Mållag	8
Suldal Mållag	12	Hareid Mållag	8
Stavanger Mållag	11	Sandefjord og Sandar Mållag	8
Kvam Mållag	10	Askøy Mållag	7
Jæren Mållag	9	Borgund Mållag	7
Mållaget i Kristiansand	9	Kvinnherad Mållag	7

NT LANDET RUNDT



I ROMSDAL: Interimstyret i Aukra Mållag.

Foto: Noregs Mållag

NYTT LAG PÅ AUKRA: Det var stor stas då **Aukra Mållag** vart oppattskipa i oktober. Mållaget har ikkje hatt aktivt lokallag i kommunen på fleire tiår. Siste tida har det vore drøftingar om nynorsken i skulen, og førebels har nynorsk blitt stadfest i skulen. Leiar i Aukra Mållag er **Marta K. Eidskrem** (t.v.). Med seg i styret, på god koronaavstand, har ho **Ole August Iversen, Torbjørn Gjendem** og **Reidun Beate Tystad**.

E DE'KJE UGOSKLI? Vegårshei Mållag er ute med sitt 34. årsskrift. I bladet har dei samla heile 32 små og store historier og illustrasjonar. Det er varierande lesestoff, med både spøk og alvor. Redaksjonen har i år vore **Johannes G. Torstveit, Olaug Hommelsgård, Aud Mogen, Inge Vaaje, Ingjerd Myhre Bygstad** og **Kaia Tørdal**.

NY LEIAR I HÅ: Hå Mållag har blitt skipa opp att etter fleire tiår utan aktivitet. På skipingsmøtet vart det sett ned eit interimstyre, og leiari er **Eva Hegre**. Interimstyret skal førebu ordinært årsmøte i februar.

STØR PLATEUTGJEVING: Drammen og Eiker Mållag har gjeve pengestøtte til ei ny plateutgjeving. Det er **Olav Aas** som satsar som soloartist, og denne gongen skriv han eigne tekstar på Eiker-dialekt.

FALTURILTU MED 91 TILSKIPINGAR: Den nynorske barnebokfestivalen som årleg vert skipa til på Stord, er nyleg gjennomført med 4 600 publikumarar fordelt på 91 tilskipingar. **Stord Mållag** er ein av tilskiparane bak den populære festivalen.

— Aldri før har det vel vore meir spanande å arrangere Falturiltufestival, og aldri har me kjent oss så letta over at (nesten) alt gjekk etter planen, melde Falturiltu i ei pressemelding etter at festivalen vart avslutta.



DET BLIR JUL I NAMDALEN: Årets julehefte frå **Naumdalalen**, **Naumdøla jul**, er no ferdig og i sal hjå fleire butikkar i Namdalen. Dette er 74. året at **Naumdøla jul** blir gjeve ut. I år er det også stoff frå Namdalseid. Framsida er teikna av Cathrine Kristiansen, og du får bli med på alt frå paradisisk padletur i Flatanger til fantasifull ferd opp på Spillumfjellet, for å nemne noko.

BOK I VALDRES: Bok i Valdres vart arrangert for tiande gong denne hausten av **Nord-Aurdal Mållag, Nord-Aurdal folkebibliotek** og **Norli Fagernes**. Den fyrste bokkvelden vart arrangert av Nord-Aurdal Mållag for 55 år sidan. I år strekte tilskiparane seg langt for å følgje smittevernreglane og gje publikum ei god oppleving. **Hans Olav Lahlum** med føredrag om presidentvalet i USA var hovudattraksjonen.

DU MITT NORDMØRE: Kvart år gjev **Nordmøre Mållag** ut årboka **Du mitt Nordmøre**. I år har heftet kome med 200 sider. Skriftstyret fortel at dei har fått inn mykje stoff, og årets bok er den mest omfattande sidan 1966. I skriftstyret sit **Astrid Asheim Aubert** som leiari, og ho har med seg **Ingrid Kjønnøy** og **Rolv Sæter**. Du kan tinge boka på nordmore-mallag.com/dmn



HAUSTFEST I FREDRIKSTAD: Også i år baud **Fredrikstad Mållag** inn til haustfest. 18. november reiste laget ut i skjergarden og heldt fest på Hvaler Gjestgiveri, sjølvsagt innanfor smittevernreglane. Som vanleg var det allsong og andre innslag rundt festbordet.



PRISVINNAR: Silkevippa er ein populær butikk for klede og interiør i Åmot i Vinje.

Foto: privat

PRIS I VINJE: **Silkevippa AS** har fått pris frå **Vinje Mållag** for god nynorsk marknadsføring. Silkevippa er ein butikk med både klede og interiør som ligg i Åmot i Vinje. Styrar **Kari Nordstoga** seier til **Vest-Telemark Blad** at ho var overraska, glad og takksam for merksemda. Språket er viktig for henne, og det har aldri vore eit alternativ med noko anna enn nynorsk. Prisen blei delt ut i samband med ein konsert på Vinjehuset, med **Åsmund Nordstoga, Ingebjørg Lognvik Reinholt, Sara Jane Summers, Juhan Silvola** og **Morten Kvam**.

OPTIMIST: Peder Lofnes Hauge har trua på at Mållaget kan nå 14 000 medlemmer før nyår, men er klar på at det krev ein innsats.

Foto: Noregs Mållag

Lokallag	Nye i 2020
Alversund Mållag	6
Bjørnafjorden Mållag	6
Etne Mållag	6
Gloppe Mållag	6
Salten Mållag	6
Skedsmo Mållag	6
Stord Mållag	6
Stranda Mållag	6

Fram til litt utover 1900-talet var høgare utdanning for bygdeungdom sjeldan vare. Opprettinga av **landsgymnasa**, som i stor grad var målrørsla sin idé, skulle endre på det. Landsgymnasa vart eliteskulane på landet.

«RANKE VILJER OG HEILREND KARAKTER»


Dei norske landsgy

GIJENOM MESTEPARTEN AV 1900-talet var skule eit gode som var ulikt tilgjengeleg i Noreg. Alle barn hadde rett nok rett og plikt til å gå sju år på folkeskule. Men om ein elev på landsbygd ville halde fram med skulegangen, var det få skular å velje mellom. Nokre tok framhaldsskule, som var praktisk orientert. Nokre gjekk på folkehøgskule, og mange tok landbrukskule eller andre fagskular. Og nokre få, som greidde å kvalifisere seg gjennom ei opptaksprøve, fekk høve til å gå på landsgymnaset. Berre mellom tre og fem prosent av eit årskull kom inn, og mange stader enda færre. Landsgymnasa var eliteskulor som var kjende for gode eksamensresultat.

Gymnas i alle landsdelar

Midt på 1950-talet, da landet blei bygd opp etter krigen og industrien blømde, landbruket fekk traktorar, vegar blei bygde og kulturtildelot blei demokratisert, var det 12 landsgymnas i landet. Det var fem mellom Kristiansand og Ålesund: Hornnes, Bryne, Voss, Firda (på Sandane) og Volda. På Austlandet var det tre: Bø, Eidsvoll og Vinstra. Og nordafjells var det fire: Orkdal, Stein-kjer, Finnfjordbotn og Alta.

På byrjinga av 1900-talet blei skuleslaget kjempa fram av politiske leiarar, byråkratar og kulturpersonlegdomar med bakgrunn frå landsbygda.



VIKTIGE FOR MÅLRØRSA: Marius Hægstad (t.v.) og Nikolaus Gjelsvik var mellom dei ivrigaste pådrivarane for opprettinga av landsgymnasa. Dei var høvesvis den første og tredje leiaren i Noregs Mållag.

Foto: Axel Leverin (Hægstad) og Norsk Folkemuseum (Gjelsvik)

Dei fleste elevane som gjekk på landsgymnasa, kom frå bygdene i nærleiken av skulen. Dei måtte likevel anten bu på internat eller på hybel. Dei som budde nært skulestaden, kunne reise heim i helgene, men mange måtte bu heimanfrå i vekevis. På Steinkjer, i Orkdal og til dels Volda gjekk det ein del elevar frå Nord-Noreg, og dei kunne reise heim berre til lengre feriar.

Landsens leirarar

Det første landsgymnaset blei starta på Voss i 1916, men idéen var sådd lenge før. På byrjinga av 1900-talet blei skuleslaget kjempa fram av politiske leiinarar, byråkratar og kulturpersonlegdomar med bakgrunn frå landsbygda. Mange av dei kom frå heimar der det i fleire generasjoner var vanleg med bøker og aviser. Fedrane deira hadde ofte vore omgangsskulelærarar eller lærarar frå lærarseminara som blei sette i verk frå midt på 1800-talet.


Desse leiinarane med bygdekulturell ballast hadde fått utdanning frå byskular og teke universitetsutdanning etterpå. Nokre av dei var professorar, som Nikolaus Gjelsvik og Marius Hægstad. Begge var mellom dei viktigaste strategane da tanken om landsgymnaset blei lansert som eit alternativ til byskulane for landsungdom. Dei var også aktive i arbeidet for nynorsk mål, og Hægstad var jamvel den første profes-

soren i landsmål. Målet var å skape ein skule som kunne fremje landsmålet som bruksspråk i privat og offentleg verksamhet.

Andre, som stortingsmennene Ole Konrad Ribsskog, Johan Gjøstein og Olav Andreas Efestøl, var også lærarar og lærde folk frå bygdene med hug til boka. Dei såg på tanken om eit landsgymnas som først og fremst eit rettferdsspørsmål. Dei ville gje gáverik ungdom på landet betre høve til skulegang og var ikkje så opptekne av målforma. Landsgymnaset skulle for dei vere eit middel til å gjere landsens ungdom til ein del av ein felles norsk kunnskapskultur som skulle ta opp i seg innslag frå både den dansk-norske bykulturen og bygdekulturen. Skremmebildet på ein bygdegut med utdanning frå byskulen var Daniel Braut i Arne Garborgs *Bondestudentar*, som er usikker på seg sjølv og viser forakt for kåra han voks opp i. Med eit landsgymnas skulle ein i lengda sameine by og land. Samstundes skulle ein slik skule skape sosial utjamning som spelte attende på den splitta folkeskulen: Når gymnaset stilte same krav til byungdom som landsens ungdom, ville det tvinge fram ein sams folkeskule, ein einskapsskule.

Ungdomslag og mållag

Folk som Gjelsvik og Hægstad tok opp tanken om eit landsgymnas gjenom dei sentrale organisasjonane ➤



TIDLEG UTE: Lova om landsgymnas vart vedteken i 1914. Landsgymnaset på Hornnes i Agder var mellom dei første som opna, i 1918. I dag er bygninga ein del av Setesdal vidaregåande skule.

Foto: Frans Kjetså / NRK

Arne Garborg meinte Noreg trorg embetsmenn som hadde utdanning frå skular der norsk mål og norsk historie blei prioritert, og der elevane var ein del av ein norsk kulturtradisjon.

Gymnasa 1916–1964



Skulane skulle vere i pakt med det grundvigske danningsidealet om å skape gode menneske ‘med ranke viljer og heilrend karakter ...’



DET FYRSTE: Landsgymnaset på Voss var det første som opna, i 1916. I våre dagar er skulen utvida med moderne bygningar inntil den gamle (til venstre i biletet).

Foto: Voss gymnas

som hadde vaks fram dei siste tiåra av 1800-talet og først på 1900-talet, mellom dei Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Ein av dei som stødde tanken, var diktaren Arne Garborg, som meinte Noreg trong embetsmenn som hadde utdanning frå skular der norsk mål og norsk historie blei prioritert, og der elevane var ein del av ein norsk kulturtradisjon.

Den største utfordringa for pionerane var å passe landsgymnaset inn i ein skulestruktur som ikkje var rett-lina. Landsfolkeskulen hadde kortare skuleår, og medan byskulen hadde ein treårig middel- eller realskule etter folkeskulen, mangla dei fleste bygder eit slikt tilbod. For å skape eit gymnas som kvalifiserte til høgare utdanning og som kunne vere økonomisk overkommeleg for landsens ungdommar, måtte det ikkje være lengre enn fire år. Da måtte middelskulens pensum gjerast unna på det første året, slik at dei tre siste åra fekk same pensum og eksamenskrav som bygymnasa. Mange av reformmennene tenkte nok at folkehøgskulen saman med framhaldsskulen kunne erstatte middelskulen eller delar av han. Men i praksis gjekk landsgymnasiastane rett frå folkeskulen til første klasse i gymnaset. Det galdt nok òg for dei som var ute i arbeidslivet ei tid før dei søkte seg til landsgymnaset. Men for å kome inn der, måtte alle gjennom ei opptaksprøve.

– Styrke kjenslelivet og fantasién

Landsgymnaset skulle ha «det heimlege», «det nationale» kombinert med «personleg vokster» som ret-


tesnor for undervisninga. Skulane skulle vere i pakt med det grundvigske danningsidealet om å skape gode menneske, «med ranke viljer og heilrend karakter (...) Men til det treng ein å styrkja kjenslelivet, viljen og fantasien i desse grunnleggjande aar ...», som det stod i innstillinga frå komiteen som førebudde loverbeidet i departementet og Stortinget.

Etter langvarig debatt og strid blei lova om landsgymnas vedteken i Stortinget i 1914. Då det første landsgymnaset starta på Voss i 1916, hadde dei allereie hatt eit privat gymnas der frå 1910.

Spørsmålet var kvar dei neste skulane skulle lokaliserast. Det kom tilbod frå om lag 25 kommunar. Dei fleste ville gje lokale til leige, og undervisningsdepartementet meinte at alle landsdelar måtte få eit landsgymnas om ikkje altfor lenge. Men som alltid i slike lokaliseringsspørsmål var det ikkje lett å finne ei prinsipiell line, og nokon landsplan kom ikkje før sist på 1930-talet. Da var åtte av dei 12 landsgymnasa allereie starta, og berre dei to i Nord-Noreg og dei i Bø og på Vinstra kom etter andre verdskriga.

Statsfinansierte

Medan bygymnasa stort sett anten var private eller kommunale, var det ein føresetnad at staten skulle finansiere drifta av landsgymnasa. Elevane skulle ikkje betale skulepengar. Men det blei mange ulike løysingar på det økonomiske utover på 1920- og 30-talet. Først etter 1945 var alle skulane statlege, og lektio-



SUKSESS: Ingeniøren og milliardären Fred Kavli (fødd Fridtjof, 1927–2013), som er kjend for å ha gjeve vekk formuen sin til forsking, var elev ved Firda gymnas. Han snakka i fleire intervju varmt om tida på gymnaset, og at ho vart formande for livsvala hans.

Foto: Stein J. Bjørge



rane var embetsmenn, utnemnde i statsråd. Og jamvel om elevane ikkje skulle betale skulepengar, måtte dei bruke pengar på reise til og frå, og på skulebøker, hybel eller internat, mat og litt til lommepengar. Det kunne bli kostesamt for familiar med ei årsløn på pluss/minus 10 000 kroner.

Stortingsvedtaket om landsgymnaset engasjerte lokale skulefolk, og mange av pionerane blei òg namn i norsk skulehistorie, slike som Olav Riste, Leiv Heggstad (son av Marius Hægstad), Asbjørn Øverås og Agvald Gjelsvik (brorson av Nikolaus Gjelsvik).

På Steinkjer var det ein av dei vidjetne Ribsskog-brørne, Adolf,

Staselege bygningar

Mange av skulane fekk etter kort tid store og staselege bygningar. Her var spesialrom for kjemi og fysikk, nokre fekk skulekjøkken, og andre stader fekk dei òg gymnastikksal som kunne brukast til festsal. Nokre av bygningane, som Firda på San-



dane, hadde Eidsvollsbygningen som førebilete. Andre var meir tradisjonelle skulebygningar, slik dei var i byane frå sist på 1800-talet. På Steinkjer reiste dei ein funksjonsbygning teikna av trondheimsarkitekten Claus Hjelte. Skulen fekk form av ei skoeskje, blei det sagt, men han var funksjonell og hadde moderne spesialrom, men ikkje gymsal.

Nynorsk som administrasjonsspråk

Gullalderen for landsgymnaset er nok dei 20 åra etter andre verdskrig. Da hadde skulen fått si form: Ein fireårig skule, for det meste med engelsk- og realline. Nokre hadde

og etterkvart tilbod om norrøn-, naturfag- og samfunnsfaglinjer. På stader der det var realskule, var landsgymnasa treårige. Dei som hadde eksamen frå realskulen, gjekk inn i andre klasse på det fireårlige landsgymnaset om dei hadde gode nok karakterar.

Skulane hadde eksamsrett, og i det store og heile gav dei same undervisninga som byggmńska. Kulturen rundt og på skulen var nok prega av dei motkulturelle straumdraga som stod sterkt tidleg på 1900-talet. Elevane kunne velje mellom nynorsk og bokmål som hovudmål, men dei fleste skulane hadde nynorsk som administrasjonsspråk.

Gullalderen for lands-gymnaset er nok dei 20 åra etter andre verdskrig. Da hadde skulen fått si form.



I NORD: Russekullet ved Troms offentlege landsgymnas i Finnfjordbotn i 1954. Medan mange av gymnasbygningane var staselege, heldt dette gymaset til i gamle «tyskarbrakker» (i bakgrunnen).

Foto: eigd av Dagfinn Stenvold

PÅ SANDANE: Landsgymnaset Firda i Gloppen var kjent som eit av dei dei mest populære. Bygninga er inspirert av Eidsvollsbygninga.

Foto: Silje Stavrum Norevik

Lektorane kom ofte frå landsbygda, og hadde sjølv gått på eit lands-gymnas, og dei visste at landsgymnaset var norskdomsrørs las verk. Dei var aktive nynorskbrukarar. Men det spelte knapt noka stor rolle for undervisninga. Lektorane møtte landsens ungdom som såg på skulen som deira sjanse til å kome seg fram i samfunnet, utan omsyn til målform.

Vegen vidare

Reidun Høydal, som er landsgymnasets historikar, har sett på kvar elevane i landsgymnaset hamna.

Det første ein ser, er at det var mange preseteristar og elevar med gode karakterar. I åra 1935–1940 var det til saman 1891 personar på landsgymnasa som tok eksamen artium. 80 prosent av dei var gutter. Halvparten gjekk vidare til høgare utdanningsinstitusjonar. Men dei tok ikkje fag som teologi eller jus, slik elevane frå bygda gjorde før landsgymnaset blei skapt. Dei studerte til ingeniørar eller medisinrar. Orkdal og Firda var dei store ingeniørleverandørane. Mange blei òg lærarar, lektorar og tannlegar. Særleg jentene valde læraryrket.

Det var ein langt høgare prosentdel jenter i byskulane enn lands-gymnasa, mellom 35 og 45 prosent. Medan elevane i byskulen kom frå akademikar-, næringslivs- og funksjonærfamiliar, hadde lands-gymnasiastane mest gardbrukar- og lærarfedrar. Dei blei første generasjons akademikarar. Med andre ord: Landsgymnaset verka som ein sosial

og kulturell heis. Etter at elevane hadde fullført utdanninga, fekk dei fleste seg arbeid i byane eller i industristader rundt ikring i landet. Dei fekk høgare inntekter enn deira eigne foreldre, og fekk sjølv barn som fekk god utdanning.

Landsgymnaset som spesiell berar av den nasjonale og folkelege motkulturen blei etter kvart utviska utover i 1950-åra. Store delar av elevkulla orienterte seg mot moderne yrke innanfor teknologi og naturvitenskap. Dei filologiske faga fekk konkurranse frå dei nye samfunnsfaga. Og dei som blei lærarar, gjekk inn i ein skule som var sams anten han låg på landet eller i byen. Elevane som vaks opp dei første tiåra etter andre verdskrig, skulle byggje landet og var påverka av den vitskapsbegeistringa og utviklings-optimismen som prega tida.

Så da regjeringane frå midt på 1950-talet gjennomførte dei store skulereformene, blei det ikkje lengre plass for landsgymnaset. Frå 1964 blei det avvikla, og gjenoppstod som del av den vidaregåande skulen. Men på dei knappe 50 åra landsgymnaset eksisterte, var det truleg med og gjorde skilnaden mellom by og land mindre enn han hadde vore. Slik kan ein seie at ein viktig del av målsetna- den blei oppfylt.

GUDLEIV FORR

Gudleiv Forr (f. 1940) er historikar og journalist. Han var, i lag med Helge Vold, redaktør for boka *Landsgymnaset* (2007). Forr har sjølv vore elev ved Steinkjer offentlege landsgymnas.



DOBBELTVINNAR: Det er andre gongen Tore Renberg får Bokhandlarprisen. Førre gongen var i 2008 for «Charlotte Isabel Hansen», som er skriven på bokmål. Foto: Marie von Krogh, Cappelen Damm

Bokhandlarprisen 2020 til Tore Renberg si «Tollak til Ingeborg»

Ikkje sidan 1967 har ei bok på nynorsk vunne **Bok-**

handlarprisen. Vinnaren er stemt fram av bokhandlarar tilsette over heile landet.

TORE RENBERG FEKK i november Bokhandlarprisen 2020 for den kritikarroste romanen *Tollak til Ingeborg*, som kom ut i haust.

– Herleg

Med heile ti nominerte til den gjæve prisen er nålaugen trøngt, og det var sjølv sagt ein svært glad og takksam forfattar som gjekk heilt til topps hos bokhandlarane.

– Dette var skikkeleg herleg! Eg takkar for tilliten frå norske bokhandlarar, som har stemt fram Tollak til Ingeborg. Det er himla gjæv å få denne heideren frå dei storlanske fotsoldatane som arbeider på golvet i den norske bokheim, ansikt til ansikt med lesarane.

Det seier prisvinnar Tore Renberg i ei pressemelding frå Cappelen Damm, og legg til:

– Eg vil òg helsa til mine mange

gode kollegaer, eg veit konkurranse var svært sterkt i år.

I eksklusivt selskap

Renberg får prisen for andre gong, og det er berre fem forfattarar som tidlegare har greidd den bragda. Med årets roman er Renberg den første sidan Tarjei Vesaas (i 1967) – og den andre totalt – som får prisen for ei bok skriven på nynorsk. Vesaas fekk då prisen for Bruene.

Renberg var sjølv overraska over å få prisen for ei nynorsk bok, seier han til Bok365.no.

– At jeg blir nevnt i samme setning som min store helt Tarjei Vesaas, er utrolig kult. Det blir jo sagt at Bokhandlerprisen ikke går til nynorske bøker. Jeg hadde en utveksling med Olaug Nilssen her forleden, en strålende kollega og mednominert, og vi var begge enige om at vi ikke kom til å få denne prisen siden bøkene er på nynorsk. Men så skjer det.

Bokhandlarprisen vart delt ut første gong i 1948, og er ein bronsestatuett: «Takk for boka», laga av bilethoggar Nils Aas.

Snart går startskotet for nynorsk leseaksjon

Tid for ti er ein nasjonal nynorsk leseaksjon. I januar 2021 går startskotet for den sjette utgåva av leseaksjonen på 7. trinn i norsk skule.

– Tilbakemeldingane og responsen på *Tid for ti* frå både lærarar, elevar og bibliotekarar rundt omkring i Noreg har heile vegen vore veldig gode. Vi er stolte over at aksjonen har blitt så populær, og glade for at vi kvart skuleår kan tilby sjuandeklassingar i heile landet nynorsk kvalitetslitteratur, seier prosjekteleiar for *Tid for ti* i Foreningen les, Ole Ivar Burås Storø, i ei pressemelding.

Den nye antologien kjem i januar 2021 og har eit opplag på 26.000. Organisasjonen kan fortelje at vi på boklista finn debutantar og meir etablerte forfattarar og illustratørar.

– Det er viktig å få fram den breidda som finst blant nynorske bøker for barn og unge. I denne antologien er heile åtte bøker frå 2020, og det er utdrag frå romanar, illustrerte bøker, fakta, teikneserie og ei novelle. Elevane vil få møte fleire ulike sjangrar og tema, seier Burås Storø.

NPK



Kamera

Vellukka dig

Helga 16.–18. oktober møttest organisasjonen til **digitalt landsmøte**. Sjølv om saklista var redusert, var frammøtet godt.

STYRET I NOREGS Mållag vedtok tidleg i haust at det grunna koronapandemien ikkje kom til å bli fysisk landsmøte i 2020, slik planen var. Dermed måtte landsmøtet avviklast digitalt, for aller fyrste gong i historia. Sjølv sendinga vart styrt frå ein sentral på det reserverte landsmøtehotellet på Sola, der styret, staben og andre involverte var. 140 utsendingar var innom møtet, og leiar Peder Lofnes Hauge er godt nögd med gjenomføringa.

– Det er sjølv sagt litt spennande korleis diskusjonen vil fungera når vi ikkje kan møtast fysisk, men eg synest overraskande mange tok ordet, og at vi fekk ein fin flyt på det. Vi fekk mellom anna vedteke fleire fråsøknar om dei viktigaste politiske sakene våre, som språkdekt ungdomsskule og den komande språklova, og det var viktig.

Av omsyn til det digitale formatet var møtetida redusert, og nokre punkt var tekne ut av programmet. Val av nytt styre



AVSKIL: Magne Aasbrenn vart takka av som leiar år på etterskot.

vart mellom anna gjennomført elektronisk i april, same helga det planlagde landsmøtet skulle ha vore. Styret valde òg å droppa diskusjonen om, og vedtok av, nytt prinsipprogrammet.

– Prinsipprogrammet er såpass viktig for organisasjonen at vi utsette dette punktet til det neste ordinære landsmøtet.

Landsmøtet inneheldt både



INGER JOHANNE RUSET
leiar i Kringkastingsringen

Digitalt landsmøte



av nyeleiaren Peder Lofnes Hauge – over eit halvt
Foto: Noregs Mållag



PÅ TALARSTOLEN PÅ SOLA: Leiar i Norsk Målungsdom Gunnhild Skjold heldt ungdomens tale.
Foto: Anders Riise

kulturelle innslag og tradisjonelle helsingstalar. Lofnes Hauge seier det har vore eit mål å leggja landsmøtet så tett opp til normalen som råd.

– Når omstenda vart som dei vart, er det viktig at utsendingane likevel har ei kjensle av å ha vore på landsmøte. Vi veit framleis ikkje når vi kan

møtast til fysiske tilskipingar att, så då er det viktig å gjera det beste ute av det.

Eit digitalt landsmøte kan likevel aldri kan bli eit fullgodt alternativ, seier Peder Lofnes Hauge.

– Ingenting slår det å møtast, og som leiar er eg lei meg for å ikkje ha møtt breidda i organisasjonen gjen-

nom eit landsmøte enno. Den uformelle møtepraten, som er viktig for mange av oss på landsmøtet, får vi ikkje til digitalt. Men det er fint å vita at vi som organisasjon er i stand til å arrangera digitale tilskipingar. Det veit vi aldri når vi kan møtta til med igjen.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Mediemangfald og språkmangfald

MEDIA ER EITT av dei samfunnsområda der nynorsk, samisk og dialektar har greidd seg relativt bra. Det offentlege har teke ansvar for at me har ein rik flora av aviser og radiokanalar. Så sjølv om det viktigaste med produksjonstilskotet er å sikra mediemangfald og eit levande ordskifte, så er det også viktig for å sikra eit språkmangfald og eit levande norsk språk.

Kulturdepartementet ser det ikkje slik. Dei ser det ikkje som «hensiktsmessig» at lova om produksjonstilskot skal nyttast til språkpolitiske føremål.

MEN DET ER ikkje uvanleg at statlege støtteordningar har meir enn berre éin funksjon. Sjølv om god litteratur er hovudmålet for litterære støtteordningar, er det ingen tvil om at ein samstundes står opp om norsk språk. Slik er det også med mediestøtta. NRK-plakaten seier at 25 % av sendingane skal vera på nynorsk. Den gjeldande avtalen mellom staten og TV 2 inneholder eit punkt om at både dei offisielle norske målformene skal nyttast.


DET ER LIKEVEL ikkje nok at språk er nemnt i dei konkrete avtalane. Det bør også inn i sjølve lova. Det vil gjera koplinga mellom støtteordninga og språk tydeleg. Litt for ofte har målrørsla blitt møtt med at språk ikkje høyrer heime i dette ordskiftet. Ved å nemna det i lova, vil staten hevda det motsette.

UTVALET SOM LEVERTE NOU 2017: 7 *Det norske mediemangfoldet – En styrket mediepolitikk for borgarne* tok med eit punkt om dette: «Utvalget vil understreke at alle norske nyhetsmedier, herunder allmennkringkasterne, har sentral betydning for Norges språk og kultur, og legger denne forståelsen til grunn for sine vurderinger. Særlig er det grunn til å fremheve hvor stor betydning mediebruken av nynorsk og samisk har for denne målformen og dette språket.»

I MELD. ST. 17 (2018–2019) *Mangfold og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* heiter det: «Nyheitsmedia som mediestøtta er til for, har samfunnsverdi – for demokratisk meiningsdanning, for kontroll av maktutøving og for språk, kultur og identitet.»

FAKTISK TRENG EIN berre lesa departementet sitt eige framlegg til lov for å finna eit konkret døme på denne koplinga. I framlegget til § 6 heiter det m.a. «Ordnningen skal også fremme utvikling av de samiske språkene.» Det er me hundre prosent samde i. Men me skulle så gjerne ha sett at lova også kunne inkludera dei andre norske språka.

Difor meiner Kringkastingsringen at lova bør seia noko om å styrkja norsk språk og fremja likestilling mellom bokmål og nynorsk.



Edmund Austigard
Arnt Birkedal
Inger Bråtveit
Kristin Auestad Danielsen
Heidi Hjorteland
Odveig Klyve
Siri Kvamme
Oda Malmin
Tore Renberg
Gaute Sortland
Terje Torkildsen
Helge Torvund

Arne Garborg
Rasmus Løland

VEGAR UT TIL ALLE KANTAR

inneheld 14 noveller for unge, skrivne av framståande forfattarar frå Rogaland.

Klassikarar som Arne Garborg og Rasmus Løland, men òg mange av dei forfattarane som skriv i dag.

Her er både alvor og humor, fantasi og realisme i god blanding. Det er berre å la seg riva med!

Boka kjem ut i samband med 100-årsjubileet til Rogaland Mållag. Målet er at ungdomsskular og vidaregåande skular skal kjøpa boka i klassesett.

Det blir òg laga undervisningsopplegg til antologien.

Utsalsprisen er kr 325,- Prisen til deg er kr 285,-.

Bestill boka på e-post:
oyvind@wigestrond.no

Foreldreutvalet på **Byremo barneskule** i Agder tek initiativ til skulemålsrøysting – og ville vita kva lærarane meiner om opplæringsmålet.



LÆRARANE VIL HA BOKMÅL: Fleirtalet av lærarane ved Byremo barneskule ønskjer at skulen skal gå over til bokmålopsplæring, viser undersøkinga FAU har gjennomført. Norsk Tidend har kjelder som seier at nynorskkompetansen til ein del av lærarane ved skulen er svak.

Foto: Britt Dalan / Lyngdal kommune

Spurde kva lærarane meiner om skulemålet

BYREMO BARNESKULE I Lyngdal kommune er blant dei svært få nynorsk-skulanane som er att i gamle Vest-Agder. No har foreldrerådet arbeidsutval (FAU) ved skulen teke initiativ til folkerøysting om skulemålet, etter førespurnad frå foreldre. Som ein del av førebuinga har lærarane blitt spurde om kva dei meiner. 57,1 % av lærarane som har svara, ønskjer at skulen skal gå over til bokmål, og 42,9 % har svara at dei ønskjer å halda fram med nynorsk. FAU har bruka resultatet frå undersøkinga som under-

lag for å samla underskrifter, som krevst for ei skulemålsrøysting.

Ordknapp rektor

Norsk Tidend har spurt FAU om kva som var motivasjonen for å spørja lærarane om meininga deira. Dåverande leiar Jill Mari Ledang seier ho ikkje kan hugsa det.

– Det kunne kanskje vore utelate. Men eg må presisera at det var svaret frå foreldra som vart vektlagt hjå FAU.

Norsk Tidend har kjelder som seier at nynorskkompetansen til ein del av lærarane ved Byremo barne-

skule er svak. Ledang ønskjer ikkje å kommentera denne påstanden eller svara på om dette var ein motivasjon for å spørja lærarane.

Jan Fredrik Kirkedam er rektor ved Byremo barneskule. På spørsmål om han meiner det er problematisk at lærarane deltek i ei slik undersøking, og dermed at synet deira blir teke til inntekt for den eine eller andre sida, svarar han at det ikkje var føremålet.

– Undersøkinga er ikkje brukta i retning av for eller imot, berre til å klargjera om det er grunnlag for å

arbeida vidare med spørsmålet om avrøysting eller ikkje.

Kirkedam ønskjer ikkje å utdjupe kva han legg i «grunnlag for å arbeida vidare med». Han vil heller ikkje svara på om han sjølv deltok i undersøkinga, eller om han meiner det er problematisk at lærarane i ei slik undersøking står fritt til å leggja vekt på kva målform dei sjølv ønskjer å undervisa på.

Det er ikkje sett dato for skulemålsrøystinga på Byremo.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no



Geir Sverre Braut er Årets nynorskbrukar 2020

Styret i Nynorsk kultursentrums har kåra lege og profesor i helsefag **Geir Sverre Braut** til Årets nynorskbrukar.

– **DETTE VAR** svært overraskande og ikkje minst ærefullt. Innanfor mitt fagfelt er det få som nyttar nynorsk. Det er kjek at Nynorsk kultursentrums har lagt merke til arbeidet mitt, seier Geir Sverre Braut, Årets nynorskbrukar 2020.

Braut får prisen for å gjere nynorsk sjølvsga i helse- og tryggleiksfag, skriv styret i Nynorsk kul-

tursentrum i ei pressemelding.

Prisen er på 100.000 kroner og eit diplom som vart delt ut av styreleia i Nynorsk kultursentrums Lodve Solholm i Ivar Aasen-tunet tysdag 13. oktober. Der hadde også direktør i Nynorsk kultursentrums Per Magnus Finnanger Sandmark samtale med prisvinnaren.

– Det er viktig at eit skriftspråk står sterkt på alle område folk snakk og skriv om. Derfor er det avgjerande at vi har norsk fagspråk på alle område. Innsatsen Braut gjer for helsefaga, er eit døme til etterfølging, seier styreleiar Lodve Solholm.

Braut er lege, spesialist i samfunnsmedisin, professor i helsefag ved Høgskulen på Vestlandet og sit i koronakommisjonen. Han har vore assisterande direktør i Statens helsetilsyn, fylkeslege i Rogaland, seniorrådgivar og professor i samfunnstryggleik ved Stavanger universitetssjukehus.

I 2020 gir han ut boka *Det norske helse-systemet: ei innføring i organisering, styring og politikk*, sammen med Kjell Arne Aarheim, og han har skrive nynorske artiklar i fagtidsskrift og rikspresso om helseemne.

Ungdomslaga våre har spela ei uvurderleg rolle for nynorsk, fellesskap og folkekultur over heile landet. I 2020 fyller eit av dei mest aktive, **Austegdelaget i Arendal**, 100 år. Jan Kløvstad skriv her om den store suksessen, men også korleis laget har mått kjempe seg gjennom både därleg økonomi, okkupasjon og streng pietisme.

– Eg trur lærar Moen var det einaste normale mennesket der ute. Det var liksom synd all ting.

DEI VAR IDEALISTAR, ville ha nynorsk i Arendal, dyrke folkeviseleik, kurse medlemmene i nynorsk, talekunst, skriving, folkeviseleik, husflid. Dei tok initiativ til sal av handverksprodukt frå bygdene og drift av bunadkontor, kaffistove (frå 1925) og bondeheim (frå 1935). Det var eit enormt aktivitetsnivå, med lagsmøte annankvar søndag, med folkeviseleik, foredrag, ordskifte, den handskrivne lagsavisa Måltosten. Mange av ungdommene i laget drog på frilyntde folkehøgskolar. Austegdelaget ville vere med å bygge den nye nasjonen Norge. Over 400 menneske kom til det første Austegdestemna, eit målstemne i mars 1921, i riksmålsbyen Arendal: *Ja, soleis byrja dette norskdombslag si første tid. Leida og låma vart lagd. No galdt det berre å fylgle den vegen som var merka upp, og at mange vilde bli med i dette arbeide både med hånd og ånd*, skreiv mangeårig leiar Thomas Ljosland.

Austegdelaget blei skipa i desember 1920. Norsklaeraren Ånund Åmlid frå Herefoss var første leiar. Han hadde hissa på seg folk fordi han ville innføre 1917-rettskrivinga i undervisninga. Byggmeistaren Thomas Ljosland frå Iveland blei nestlediar, så leiar i mange år. Ljosland lengta etter å kome i gang igjen med ungdomslagsarbeidet han hadde hatt så mykje glede av som snikkarlæring på Evje og ungdomshusbyggar, lagsleiar og aktiv skribent i den handskrivne lagsavisa i heimbygda Iveland. «*Ungdommen skal ha høge, gode draumar om framtida. Det hadde me,*» skreiv Ljosland.

Arendals fremste ambassadørar

Austegdelaget blei starta som mållag, i ein av dei sterkeste riksmålsbyane i landet. Dei fleste norske bygder og mange byar hadde hatt ung-

domslag i mange år, og det blei stadig fleire mållag. Sist på 1920-talet var alle kommunane frå øvst i Setesdal og nesten til kysten blitt nynorskkommunar. Dei nærmast kysten blei språknøytrale. Noen få år var det fleire elevar som hadde nynorsk enn bokmål i grunnskolen i gamle Aust-Agder, medrekna byane. I arendalsområdet stod ungdomslaga sterkt, med mange medlemmer i dei fleste bygdene litt innanfor kysten.

I 1906 starta Nikolai Lundegaard Arendal ungdomslag, som hadde lagsmøte to kveldar i månaden. Lundegaard reiste til Egypt i august 1907 for å bli friskare av tuberkulosen. Lundegaard kom tilbake i 1908, og starta Arendal mållag. Også dette laget hadde stor aktivitet, heilt fram til Nikolai Lundegaard døydde i 1910, knapt 27 år gammal. Så gjekk det ti år, før Austegdelaget kom som både mållag og ungdomslag.

Lenge hadde fylkestinget i Aust-Agder ei av to årlege samlingar i Arendal. Då var det fast tradisjon at Austegdelaget var vertskap for festkveld, med handskriven lagsavis, foredrag, ordskifte, folkeviseleik, og god prat til langt på natt. Så sentralt stod Austegdelaget for heile fylket.

Få har som Austegdelaget sett farge på folketoga 17. mai, og både innlands og utanlands har leikarringen i mange år vore blant Arendals fremste ambassadørar. Ingen i heile Aust-Agder har vore like viktige for Åqli-bunaden som Austegdelaget. Laget har drive bunadstaua, vore med på å starte Husfliden i Arendal, vore drivkrafta både i eige lag, i bunadnemnda i Aust-Agder Ungdomslag og i Aust-Agder Husflidslag, og eigen vevskole i mange år etter andre



TORGET: Dette huset romma bondeheimen med matstova i Arendal frå 1935 til 1982.

Foto: KEN

verdskrigene. Laget har også hatt mange andre husflidkurs.

Kampane om runddansen

Den fyrste tida var det det fleire dansediskusjonar i lagsavisa, som verkar framand i dag. Men for dei som kjempa fram ein mellomveg mellom fylla og pietismen, var folkeviseleiken og lagsmøte med folkeopplysing viktig. Kristine Lauvland Holm (1902–1999) heldt kurs i mange bygder i Aust-Agder, og møtte mykje trøngsyn. «*Eg trur lærar Moen var det einaste normale mennesket der ute. Det var liksom synd all ting,*» skreiv ho frå bygda Laget i Tvedstrand. På sine eldre dagar såg ho tilbake på kulturkampen: «*Det var leit mange gonger. I trettiåra var det mørkt i mange bygder. Ungdommen hadde ingenting å gå på, vanlege dansefestar var berykta for fyll. Og vi ungdomslagsfolk var ikkje så velsette alltid. ... I ei mørk religiøs tid blei eg rekna for eit følt syndig menneske.*» Ho blei fortalt at dei låg og bad for henne på bedehuset, og at ho øydeda ungdommen.

Under andre verdskrigene instruerte folkedansaren og kulturforsken Klara Semb med eit repertoar med tydelege protestsongar. Dette gav dei nytt mot og tru på framtida i ei mørk og usikker tid, fortel Kristine Lauvland Holm: «Når vi slutta av kveldane med «*Strid for fred*» opplevde vi korleis hennar bodskap vart formidla til oss gjennom Garborg sine ord:»

– Vi ungdomslagsfolk var ikkje så vel-sette alltid. ... I ei mørk religiøs tid blei eg rekna for eit følt syndig menneske.

Kristine Lauvland Holm (1902–1999)



LEIKARRINGEN: Da kongefamilien gjesta Arendal sommaren 1991, var barneleikarringen i Austegdelaget eitt av høgdepunkta i programmet.

Foto: Jan Siring



STJERNA: Den største stjerna Austegdelaget har fosstra, er folkesongaren Kirsten Bråten Berg. Her i setesdalsbunad som 19-åring i lag med Thor Arneberg.

Foto: Hoff

*Me lever midt i ei villmannstid
med blinkande knivar og nevestrid:
og livet er som ein bloddraum.*

*Men vita skal me og vona visst,
at ånd må vinna på troll til sist –
Og vit på den varge villskap.*

Noen få også av medlemmene i Austegdelaget hamna på feil side. I 1945 melde leiar Solveig Ljosland at folk måtte søke om medlemsskap, og at berre dei som hadde reint rulleblad

under krigen, var velkomne. Sjølv var ho svært aktiv med i å spreie illegale skrifter. Laget berga Bondeheimen og Kaffistova. Etter krigen begynte pengemaskinen igjen å fungere. Lagsbruks finansierte blant anna felles reiseskrivar for ungdomslaga og mållaga.

Ungane kom med – og det blei ny vekst

Austegdelaget var krumtappen i bygdedansarbeidet i Aust-Agder. Laget starta fylkets første barneleikarring i 1962, og inspirerte til den nye store vekstperioden for ungdomslaga. Barneleikarringen hadde det like travelt som musikkorpса 17. mai, med oppvisningar rundt om i byen heile dagen. Noen kveldar på 1970-talet kunne det vere 6–8 kurs for ulike aldersgrupper og nivå. Siste del av 1960-talet og tjue år framover var ein gullalder også i Austegdelaget. Ein kveld møtte instruktørane 250 danseivrigje nybegynnjarar på folkedanskurs. Kirsten Bråten Berg, som blei «tvangssendt» på leikskeid som 14-åring, fortel om leikfestar nesten kvar helg, i heile Agder – og plutseleg var dei på nachspiel i Oslo etter leikfest i Porsgrunn.

Fornying

I 1982 flytta Bondeheimen til nye lokale i Torggata. Men investeringa var for stor. Det blei ein økonomisk katastrofe for laga. Austegdelaget mista i tillegg lagslokalet sitt, og var igjen huslause.

Dei seinare tiåra har aktivitetene vore mykje dugnadsarbeid på lagslokale i Vestregate, danses- og husflidskurs av mange slag, lesesirklar, kulturveldar og turar. Det har vore turar til leikfestar, stildansball og andre dansestemne, til landsstemna i Noregs Ungdomslag, tyttebærturar, kulturreiser innanlands og folkedansfestivalar og vennskapsarrangement. Laget har vore vertskap

for landsstemne i Noregs Ungdomslag (1966), for fleire landsdelsstemne for barn, fylkestemne, fylkesårsmøte i mållaget, stildansball, og gjort vennskapsbesøk i Arendal til folkedansfestivalar som har sett fargerikt preg på bybildet.

Som kjerne i Folkeakademiet Arendal har laget gitt folk i byen og distriket store opplevingar gjennom foredrag i Kaffistova, Bondeheimen, i sitt eige hus i Vestregate frå 1990 til 2013 og seinare i Arendal bibliotek.

Kva nå?

Austegdelaget har rydda veg for ein open og inkluderande norsk kultur i Arendal og i heile Aust-Agder, til glede for mange, mange fleire enn dei som har vore medlemmer til kvar tid. Lagsleiar i jubileumsåret er Ellen Ytrehus, og sjølv i koronatida har laget klart å halde eit godt aktivitetsnivå. Er det plass til eit slikt lag framover? Vil unge og gamle fortsatt arbeide gratis i timer, dagar, veker, månadar og år med mange forskjellige emne og ferdigheter ut frå eit overordna ideologisk syn? Vil folk framleis gjere alt dette arbeidet for at dei sjølle og andre skal få nytte, lære og vere med?

Det å stille opp for ein festival eller eit enkeltarrangement frå ein bestemt dato og eit bestemt klokkeslett med klare arbeidsoppgåver er éin ting. Å bygge noe for andre, ein gong langt der framme, er ei større utfordring. Men som Solveig Ljosland, aktiv frå ho var 14 år til ho døyde 82 år gamal, skreiv i lagsavisa Målstromen: «Litt ekstra arbeid skal ein aldri vere redd for, ein får som regel løn for strevet.»

JAN KLØVSTAD

Jan Kløvstad er forfattar av jubileumsboka *Tradisjon, kultur og nyskaping. Austegdelaget i 100 år* (2020).

Mellom 16. september og 16. november fekk Noregs Mållag 322 349 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vipps eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Sverre Aalvik
Scott Aanby
Lars Aasbø
Jackob Bakken
Kristine Foss
Rolf Fredriksen
Per Yngvar Hardeberg
Johannes Havstad
Monica Hoffuft
Olav Hoffuft
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Jon Kolbjørn Lindset
Tarald Myrum
Rune Nylund
Sigrid Bjørg Ramse
Kari Gerd Riisland
Kåre Rike
Astrid Stuestøl Sandkjær
Hildegunn Sjø
Gunnar Stubseid
Tone Stålesen
Vidar Toreid
Johannes G. Torstveit
Olav Vehus
Jens Vellene
Olav Torj Åkre

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Brynjulf Aartun
Steinar Bakken
Oddbjørg Blakar
Else Petra Borkhus
Liv Jorun Braastad
Jon Steinar Bredeveien
Ivar Bungum
Sissel Dyrkorn
Ingvild Marie Eknæs
Frode Erstad
Inger Lise Fiskvik
Harald Ove Foss
Bjørn Ola Foss
Anders G. Fretheim
Randi Therese Garmo
Kjell Gulbrandsen
Olav Haraldseid
Magnhild Harsheim
Bjarte Hole
Per Hvamstad
Gunn Strømsøy
Hvamstad
Per Rolf Johnsen
Kari Jægersletten
Turid Kleiva
Håvard Kleiven
Inger Margrethe
Kyllingstad
Anders Jan Larsson
Ingrid Hanna Johanne
Laugslet
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Anne Midtbø
Asbjørn Myrvang
Øyvind Nordli
Jogrim Nordsletten
Jørgen Norheim
Jørgen Nørstegard
Kari Røssum
Ivar Schjølberg
Jakup Skjedsvoll
Egil Skullerud
Arne Skuterud
Nils Steinar Slapgård
Liv Solheim
Inger Kirsten Stagrim
Svein Stensrud
Sverre Sørbø
Reidun Ramse Sørensen

Gudmund Teigen

Olav Teppen
Ola Tronsmoen
Lars Ullgren
Olav Veka
Magne Velure
Åse Grønlien Østmoen
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset
Maria Høgetveit Berg
Tor O. Bergum
Einar Brattegard
Herbjørn Brennhovd
Oddbjørn Jorde
Sylfest Laingen
Kristin Lindberg
Halle Perstølen
Gro Randen
Jostein Rivedal
Kari Roe
Ola Ruud
Anne Åker Rønnestad
Odd Skarsgård
Kjell Snerte
Åshild Stanghelle
Sigrun Torsteinsrud
Torun Torsteinsrud
Arne Oddmund Tuv
Inge Velle
Nina Yrstad Vølle

FYLKESMÅLLAGET

VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Solveig Fiskvik Aamodt
Reidar Aasgaard
Tove Lisbeth Aasland
Ruth Amdahl
Gurid Aga Askeland
Børre Austmann
Olav Befring
Anfinn Bernaas
Erlend Bleie
Kirsten Bolstad
Reidar Borgstrøm
Hæge Marie Roholdt
Brunvatne
Karen Bø
Tormod Bønes
Kari de la Cour
Alv Reidar Dale
Jenny Margrethe Dugstad
Tove Karina Eidhammer
Turid Farbregd
Ingar Daffinrud Fjeld
Liv Flugsrud
Haldor Fykse
Kåre Glette
Jostein Grønset
Oddrun Grønvik
Christian Ihle Hadland
Erik Hardeng
Anna Sigridsdatter Heen
Mildrid Helland
Botolv Helleland
Ingrid Grimstad Helset
Sigrun Heskstad
Halldor Hoftun
Valborg Holten
Kjetil Torgrim Homme
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø
Dagrun Kvammen
Tor Einar Ljones
Trond Øivindsson Lunde
Wenche Irene Melby
Arnold Mundal

Lars Helge Myklebust

Finn Måge
Solveig Nerol
Øystein Njål Nordang
Ingrid Thorsen Norland
Kjellaug Norli
Eva Nørstebø
Torgeir Ose
Sylvi Penne
Hanne Håvåg Ranestad
Yngve Rekdal
Asbjørn Roaldset
Madel Anna Gunnarshaug
Rosland

HORDALAND MÅLLAG

Frøidis Marie Ruud
Hedvig Lien Rytter
Astrid Driva Rødsand
Kari Rysst Seemann
Olav R. Skage
Gunnvor Fykse Skirbekk
Synnøve Skjøng
Charles Skorstad
Arve Skutlaberg
Sigrid Solheim
Nils Standal
Idun Stokka
Åsfrid Svensen
Sissel L Sæbø
Jostein Sønnesyn
Jostein Tjøre
Øystein Tormodsgård
Stein Tveite
Steinar Tweitnes
Johan Kristian Tønder
Per Ivar Vaagland
Katerina Futsæter Vik
Lars S. Vikør
Kjetil Vistad
Dag Ødegaard
Håkon Ørjasæter

Olav Aas
Elisabeth Aasen
Livar Aksnes
Audhild Aldal
Solveig Almås
Arne Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Erik Arneson
Edel Augustad
Erlend Bakke
Olav Berge
Maria Severine Øvstebø
Berge
Arild Berge
Marit Berge
Veslemøy Bergo
Eli Bergsvik
Dagrun Berntsen
Leif Olaf Birkeland
Ansgar Bjelland
Rannveig Bjørkum
Bjørn Bjørlykke
Audun Bjørnberg
Dag Børnevoll
Solveig Bjørsvik
Målfrid Bjånesøy
Oddbjørn Borge
Jostein Brattabø
Arne Brattabø
Reidar Bremerthun
Endre Otto Brunstad
Jostein Buene
Ragnhild Byrkjenes
Reidar Dale
Arve Dale
Knut O. Dale
Olav Digernes
Kristian Djupsland
Torbjørn Dyrvik
Jan-Egil Dyvik
Janak H. Eitrheim

Ingunn Eitrheim
Eirik Ingolf Eldøy
Reidun Emhjellen
Yngve Endal
Brynhild Enerhaug
Øystein Erstad
Gjertrud Fanebust
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Erling Fjærstad
Ragnvald Fleten
Tormod Folgerø
Johs. H. Fosse
Olav Freim
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Jan Egil Furunes
Lars Gjøstein
Hans Grove
Solveig Grønlien
Åshild Aadland Haga
Alvhild Halleraker
Jorunn Havro
Ingjerd Havro
Svein Heggheim
Sigmund Heie
Bjarte Helle
Kristian Helle
Øyvind Hellesnes
Aslak T. Helleve
Aslak L. Helleve
Solbjørg Helvik
Knut Johannes Helvik
Kåre Herfindal
Robert Hermansen
Kjartan Hernes
Eli Hillersøy
Olnrun Hild Hillestad
L. O. Himle
Marit Hjartåker
Annbjørg Rebbestad
Hjellestad

Grete Oline Hole
Oddfrid Hole
Karl Johan Holmås
Inge Hommedal
Karl Hope
Helge Hopland
Arnfinn Hopland
Bjørn Husefest
Daniel Hydle
Jens Hystad
Britt Høyland
Johanne Telnes Instanes
Geir Instanes
Else Jerdal
Aslaug Garnes Johnsen
Leif Johnsen
Randi Jåstad
Folke Kjelleberg
Atle Kvåle
Gina Kyvik
Magnhild Titlestad Kyvik
Ane Landøy
Torbjørn Langelid
Åsmund Lien
Nils Roald Lindås
Anstein Lohndal
Marit Merete Lunde
Harald Lundestad
Torun Lyssand
Torstein Løning
Frode Mannsåker
Arne Matthiessen
Margunn Melkersen
Anne Marie Midtbø
Tone Eitrheim Midtbø
Therese Helland Mills
Randi Elise Grønsdal Moe
Kari Molland
Torgun Moltu
Dag Unnar Mongstad
Leif Bjørn Monsen

Ingunn Eitrheim

Eirik Ingolf Eldøy
Reidun Emhjellen
Yngve Endal
Brynhild Enerhaug
Øystein Erstad
Gjertrud Fanebust
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Erling Fjærstad
Ragnvald Fleten
Tormod Folgerø
Johs. H. Fosse
Olav Freim
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Jan Egil Furunes
Lars Gjøstein
Hans Grove
Solveig Grønlien
Åshild Aadland Haga
Alvhild Halleraker
Jorunn Havro
Ingjerd Havro
Svein Heggheim
Sigmund Heie
Bjarte Helle
Kristian Helle
Øyvind Hellesnes
Aslak T. Helleve
Aslak L. Helleve
Solbjørg Helvik
Knut Johannes Helvik
Kåre Herfindal
Robert Hermansen
Kjartan Hernes
Eli Hillersøy
Olnrun Hild Hillestad
L. O. Himle
Marit Hjartåker
Annbjørg Rebbestad
Hjellestad

Svanhild Monstad

Olav K. Mørken
Jostein Mykletun
Einar Myster
Jorun Mæhle
Johannes A. Måge
Bjørg Odlaug Måge
Sigfrid Rogne Naasen
Marit Nedrelid
Else Camilla Drengenes
Nessen
Åshild Nordstrand
Helge Martin Nygård
Odd Joran Oldervik
Astrid Olsen
Agnar Omvik
Åse Opheim
Anfinn Otterå
Olai Otterå
Johnny Ottar Pedersen
Jan Reidar Rasmussen
Trygve Refsdal
Rannveig Reigstad
Berit Reinsaas
Kjetil Revheim
Lars Riise
Gudrun Rosseland
Håkon Sagen
Arvid Sakseide
Marit Sakstad
Svein Sande
Lars K. Sandven
Olav Sandvik
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Heidi Seifaldet
Torbjørn Seim
Johannes H. Sekse
Mons Ole Dyvik Sellevold
Olav Johannes Skeie
Gunvald Skeiseid
Arne Skjerven
Bjarne Skjold
Arnlaug Skjæveland
Harald Skorpen
Oddvar Skre
Marie Skålnes
Hermund Slaattelid
Jostein Småbrekke
Erling Småland
Turid Solberg
Harry Solberg
Asbjørn Solberg
Idar Stegane
Karen Steinsletten
Arjen L H Stolk
Aasmund Storebø
Nelly Storebø
Gerhard Inge Storebø
Ragnhild Storebø
Edith Stusdal
Rolf Sigmund Sunde
Thea Sunde
Christer Syltøy
Ingebjørg Dønhaug Sæbø
Anne Sæland
Borgny Særsen
Leif Helge Særsen
Olav Søfteland
